

Møtereferat

Føremål: Referat frå møte i Koordineringsrådet - 16.11.17
Møtetid: 10:30 – 15:30
Stad: FSS, møterom 4
Referent: Reidun Berg
Møteleiar: Øyvind Bang-Olsen
Saknr: 2017/4149

Deltakarar			
Namn	Tittel	Eining	Forfall
Øyvind Bang-Olsen(leiar)	Rådmann	Naustdal kommune/Sunnfjord	
Alf Olsen jr. (nestleiar)	Rådmann	Lærdal kommune/Sogn	Meldt forfall
Oddbjørn Ese (vara for Olsen)	Rådmann	Vik kommune/Sogn	Meldt forfall
Børge Tvedt	Kst. adm. direktør	Helse Førde HF	Meldt forfall
Anne Kristin Kleiven	Kst. viseadm. Direktør/ utviklingsdirektør	Helse Førde HF	Meldt forfall
Kristine Brix Longfellow	Fagdirektør	Helse Førde HF	Frå kl.11:00
Trine Vingsnes	Direktør kirurgisk klinikk	Helse Førde HF	
Olav Hesjedal	Direktør medisinsk klinikk	Helse Førde HF	
Martin Lundegård	Rådmann	Fjaler kommune/HAFS	
Tom Joensen	Rådmann	Bremanger kommune/Nordfjord	Meldt forfall
Ørnulf Lillestøl (vara for Joensen)	Rådmann	Selje kommune/Nordfjord	Meldt forfall
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/Fagrådet	
Audun Nedrebø	Leiar Brukarutvalet	Leiar Felles Brukarutval	
Stig Igland Sekretariat/vara	Samhandlingssjef/avdelingssjef	Helse Førde HF	
Observatørar:			
Per Stensland	Fylkeslege	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
Clara Øberg	Assisterande direktør	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Meldt forfall
Frode Kyrkjebø	Dagleg leiar	KS Sogn og Fjordane	
Sølvi Olrich Sørebo	Rådgevar KS	KS Sogn og Fjordane	



AGENDA

Nr	Sakliste	Ansvarleg
42/17	Godkjenning av innkalling og sakliste	Øyvind Bang-Olsen
43/17	Godkjenning av referat frå møte i Koordineringsrådet 25.09.17	Øyvind Bang-Olsen/ Stig Igland
44/17	Ny leiar i felles Brukarutval	Øyvind Bang-Olsen
45/17	Partnerskapsavtale for styrka psykisk helse i barnehagar og skule i Sogn	Magnus Lia
46/17	Prosjekt «Pasientar med store og samansette behov»	Anne Marte Sølsnes
47/17	Samhandlingskonferansen 2018 – Førebels utkast til program	Stig Igland
48/17	Samhandlingsavvik statistikk/e-læringskurs	Irene Barmen Hoel/ Stig Igland
49/17	Brukarmedverknad på systemnivå – lokalt tillegg til nasjonale retningslinjer inkludert budsjettframlegg 2018 for felles brukarutval i Sogn og Fjordane	Stig Igland
50/17	Ungdomsråd i Helse Førde	Solveig Berget/Toril Taklo
51/17	Kommunane si deltaking og medverknad i «Pasientens helseteneste» (med atterhald om handsaming/vedtak i Rådmannutvalet 14.11.17	Frode Kyrkjebø
52/17	Forslag til møteplan for 2018	Stig Igland
53/17	Open post/eventuelt/evaluering av møte	Øyvind Bang Olsen

REFERAT

Nr	Innhald
42/17	Godkjenning av innkalling og sakliste <u>Konklusjon:</u> Innkalling og sakliste vert godkjent.
43/17	Godkjenning av referat frå møte i Koordineringsrådet 25.09.17 <u>Konklusjon:</u> Referat frå møte 25.09.17 er godkjent.
44/17	Ny leiar i felles Brukarutval Audun Nedrebø er ny leiar i Felles Brukarutval. <u>Konklusjon:</u> Koordineringsrådet tar orienteringa til vitande, og ynskjer Audun til lukke med arbeidet i denne viktige funksjonen.
45/17	Partnerskapsavtale for styrka psykisk helse i barnehagar og skule i Sogn. Viser til vedlagt presentasjon – <i>Regional satsing – psykisk helse.</i> Presentert ved Magnus Lia, psykolog Sogn Regionråd/Høgskulen på Vestlandet. <i>Regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge. Vedteken i Sogn regionråd 09.12.16</i>



	<p>Planen blei sendt rundt til møtedeltakarar for gjennomsyn:</p> <p>Det blei diskutert kring resultata som vart presenterte.</p> <p>Ein startar opp med barnehagane i første del av desember, og først i Leikanger kommune.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Koordineringsrådet tok orienteringa til vitande.</p>
46/17	<p>Prosjekt «Pasientar med store og samansette behov»</p> <p>Viser til vedlagde presentasjon – «pasientar med store og samansette behov»</p> <p>Nytt sidan sist:</p> <ul style="list-style-type: none">- Fått innovasjonsmidlar pålydande kr. 250 000,- frå fylkesmannen i 2017- Det er kr.735 000,- igjen av tildelte prosjektmidlar.- Framdriftsplan – ferdigstille midtvegsrapport i haust- Forsking - Høgskulen Vestlandet har oppretta ei stipendiatstilling.- Ynskje om å lære forbettringsmetodikk, og ynskjer å arbeide med forbettringsmetodikk.- Ta i bruk telemedisinske løysingar opp mot kommunane. <p><u>Konklusjon:</u> Koordineringsrådet synast det var ein god presentasjon, og berømmer prosjektet. Koordineringsrådet ber prosjektgruppa vurdere løysingar i permisjonstida, og gir råd om at prosjektet om mogleg held fram med «full styrke» i prosjektleiaren si permisjonstid. Prosjektgruppa kjem attende til koordineringsrådet med informasjon om vidare prosjektkoordinering, og oppfølging av rettleiar for brukarar med store og samansette behov.</p>
47/17	<p>Samhandlingskonferansen 2018 – Drøfting av førebels utkast til program.</p> <p>Konferansen blir gjennomført onsdag 14. og torsdag 15. mars 2018 på Skei.</p> <p>Gjennomgang av utkast til program til Samhandlingskonferansen 2018.</p> <p>Det blei diskutert, og kommentert på innhald:</p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Pakkeforløp – lokal føredragshaldar?</i>- <i>Fordelt over to dagar?</i>- <i>Dag ein «ovanfrå og ned perspektiv».</i>- <i>Barnehabilitering – og kva med dei etterpå?</i>- <i>Vaksnehabilitering – samarbeidspartnarar</i>- <i>Rehabilitering – habilitering – ev. føredragshaldar?</i>- <i>Samhandling – tilbod i Helse Førde møte kommunane. Rehabilitering/habilitering.</i> <p><u>Konklusjon:</u> Koordineringsrådet viser til områda det blei reflektert rundt, og ynskjer lukke til med det vidare arbeidet.</p>
48/17	<p>Samhandlingsavvik statistikk/e-læringskurs.</p> <p>Irene Barmen Hoel presenterte samhandlingsavvika frå november 2017.</p> <p>Det er sendt utkast til e-læringskurs, og ev. tilbakemeldingar sendast til Irene Barmen Hoel.</p>



	<p>Hoel lagar ein statistikk over melde avvik for 2016/2017 for å sjå om det er dei same avvika som er meldt, og om tala er like for både 2016 og 2017. Denne blir vist på neste møte.</p> <p>Fagrådet går djupare inn i avvika i sine møter.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Koordineringsrådet tar orienteringa til vitande.</p>
49/17	<p>Brukarmedverknad på systemnivå – lokalt tillegg til nasjonale retningslinjer inkludert budsjettframlegg 2018 for felles brukarutval i Sogn og Fjordane</p> <p>Leiar Bang Olsen føretok, saman med sekretær i BU Randi Solheim som deltok i møtet via Lync, punktvis gjennomgang av tilrådinga i saka;</p> <ol style="list-style-type: none">1. Nasjonale retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå erstattar langt på veg gjeldande lokale retningslinjer for felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane. Framlegg til nytt vedlegg for lokalt felles brukarutval ivareteke det særskilde samarbeidet mellom føretaket og kommunane i fylket. Punkt 1-3 i framlegget frå brukarutvalet vert godkjend og gjort gjeldane frå dags dato.2. Nytt punkt 4 i lokale retningslinjer – erstattar punkt fire i framlegg til retningslinjer frå felles brukarutval i Sogn og Fjordane: Kostnadene til drift av felles brukarutval i Sogn og Fjordane vert dekkja av kommunane og Helse Førde med 50 % på kvar. I dette ligg også ei skjønsmessig vurdering av utgifter til sekretariatsfunksjonen til utvalet. KS syter for avklaring i ansvar for sekretariatsfunksjonen samt ei fordeling av samla kostnadar for kommunane. Koordineringsrådet skal fastsette årleg budsjett for felles brukarutval etter at utvalet sjølv har gjeve sitt framlegg. Endringar som medfører auka kostnader skal godkjennast av partane før iverksetting.3. Budsjett 2018 vert vedteke slik den kjem fram i saksutgreiinga. Det vert innført rutine for at brukarutvalet kan ivareta budsjettkontroll, samt ei halvårleg rapportering til koordineringsrådet.4. Dagens honorar til leiar og nestleiar med høvesvis 25000NOK og 12500NOK vert for utvalperioden 2017 – 2018 vidareført. På sikt skal desse harmoniserast med satsane slik det vert vedteke i Helse Vest.5. Møtegodtgjersle til utvalsmedlemmane vert frå januar 2018 harmonisert med gjeldande satsar i Helse Vest. <p>Koordineringsrådet fatta vedtak i samsvar med tilrådingane.</p> <p>Forslag til nytt punkt 6: Nytt punkt 6: Nytt samanfatta dokument blir utarbeidd og referert på neste møte i Koordineringsråd. Forbruk, med eventuell revidering av budsjett 2018 vert lagt fram etter 1 halvår.</p> <p><u>Oppsummert:</u></p>



	<p>Framlegget til nye lokale retningslinjer som tillegg til dei nasjonale er utarbeidd i samarbeid med felles brukarutval i Sogn og Fjordane.</p> <p>Budsjettet inneber endring i møtegodtgjersle som samsvarar med nasjonale og regionale satsar. Sekretariatet kjem attende til koordineringsrådet med halvårig rapportering.</p> <p>Vidareføring av høgre godtgjersle for leiar og nestleiar for inneverande utvalsperiode. Desse satsane skal på sikt harmoniserast til nasjonalt/ regionalt nivå.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <ol style="list-style-type: none">1. Koordineringsrådet sluttar seg til punkt 1 – 5.2. Nytt punkt 6: Nytt samanfatta dokument blir utarbeidd og referert på neste møte i koordineringsråd. Forbruk, med eventuell revidering av budsjett 2018 vert lagt fram etter 1 halvår.
50/17	<p>Ungdomsråd i Helse Førde</p> <p>Viser til vedlagte presentasjon</p> <p>Koordineringsfunksjonar i prosjektet – ynskjer å ha med helsesøster i samhandlinga med kommunane.</p> <ul style="list-style-type: none">- Barneavdelinga hever aldersgrensa frå 16 til 18 år. <p><u>Vedtak:</u> Koordineringsrådet tar orienteringa til vitande, og ynskjer lukke til med det vidare arbeidet.</p>
51/17	<p>Kommunane si deltaking og medverknad i «Pasientens helseteneste» (med atterhald om handsaming/vedtak i Rådmannutvalet 14.11.17)</p> <p>Det bør kallast inn til eit møte mellom føretaksleiinga i Helse Førde HF og KS</p> <p><u>Vedtak:</u> Koordineringsrådet oppmodar om eit felles møte mellom føretaksleiinga i Helse Førde HF og KS. Det blir naturleg at Koordineringsrådet fylgjer opp vidare.</p>
52/17	<p>Forslag til møteplan for 2018</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Torsdag 25 januar Torsdag 31. mai Torsdag 27. september Torsdag 22. november</p>
53/17	<p>Open post/eventuelt/evaluering av møte</p> <p>Saker til oppfølging:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Referat frå møta Koordineringsrådet blir lagt ut på nettsida Samhandling Sogn og Fjordane.



2. Spørsmålet knytt til felles elektronisk avvikssystem på tvers av forvaltningsnivåa er drøfta med samhandlingssjefane og plansjefen i Helse Vest RHF. Det er starta eit forprosjekt som førebels har fått navnet "Vel heim". Her ser ein ut til å ta opp i seg delar av denne utfordringa. I prosjektet skildringa seier ein mellom anna:

"Avvikssystem

- *Beskrive ein regional standard der eksisterande avvikssystem i spesialisthelsetenesta og kommunen kan knytast saman og nyttast ved avvikshendingar knytt til heimskriving etter sjukehusopphald og poliklinikkbesøk.*
- Eventuelle nødvendige Ikt-tilretteleggingar bør beskrivast.

Målet med forprosjektet er å kartlegge utfordringar og forbetningsområda samt identifisere gode etablerte modeller, for å kunne sikra ei trygg utskriving. Dette omfattar både pasientar som blir utskrivne til eit kommunalt tenestetilbod, pasientar som avsluttar ei behandling eller som er i eit behandlingsforløp utan og vere innlagt.

3. Spørsmålet om kommunal samhandlingskoordinator blir etter avtale med KS ikkje tatt opp på Dialogmøte 24.11.17. Det blir jobba vidare i høve til å kunne få funksjonen på plass. Ein ventar å kunne ha ei avklaring før nyttår.

Nr	Aksjonspunkt	Ansvarleg	Tid